



Den nye og den gamle Røttingøy ved kai hjå Eidsvik i dag(Foto: Ola Matti Mathisen):.

Sundag kom ein grøn fiskebåt til Eidsvik Skipsbyggeri og la seg ved sida av den raude fiskebåten som låg der frå før. Det var den gamle Røttingøy som gjorde selskap med den nye Røttingøy.

Men korleis kunne det hengja saman?

Den grøne båten, som har tilhøyrd Dales Rederi i Os, er no seld utan at Eidsvik-leiinga ynskjer å opplysa om kven som er den nye eigar. Men det er grunn til å tru at båten skal til Nord-Noreg.

I staden har Dale kjøpt Paula (den raude båten) og inngått kontrakt med Eidsvik om ombyggjing av denne frå trålar til ringnotsnurpar.

Arbeidet er godt igang og når det er fullført i slutten av juni vil båten segla ut under namnet Røttingøy som den altså har teke over frå den gamle båten. Stolte tradisjonar skal først vidare.

Det som skjer hjå Eidsvik no om dagen er stutt sagt at den nye Røttingøy (gamle Paula) får overflytta til seg utstyr frå den gamle Røttingøy som ein del av omskapinga..Jobben vil ta nokre dagar.

Men under sjølve ombyggjinga hos Eidsvik har den nye Røttingøy eit mellombels namn og det er Buland. Røttingøy vil båten først heita når den er undervegs til fiskefeltet.

Meir komplisert er det ikkje. Men kva den grøne båten kjem till å heite i framtida anar me ikkje.

Av Ola Matti Mathisen